



## Har du lyst til å jobbe i eit leiande designelskap innan fiskefartøy?

### Har du skips- eller maskiningeniørutdanning eller tilsvarande erfaring /teknisk bakgrunn?

Naval Consult er eit uavhengig og velrenommert skipsteknisk konsultantselskap lokalisert midt i skipsleia på Raudeberg i Vågsøy. Vi utformar morgondagens effektive, lønsame og miljøvenlege fartøy, og er no tungt inne i utviklinga av nye prestisjefartøy. Vi ser derfor etter nye medarbeidarar som vil ta del i utviklinga av våre effektive og klasseleiande design.

Vi er på jakt etter personar med ingeniør- eller maskinistutdanning, eventuelt sjøfolk med mykje teknisk kunnskap. Erfaring med 3D Cad verktøy som til dømes Cadmatic, Rhino, Solidworks etc er ein fordel.

Arbeidsoppgåver (Fleire oppgåver kan vere aktuelle for same stilling, avhengig av søkar sine kvalifikasjonar)

- Strukturdesign og styrkeberegning
- Maskinsystem / lastesystem
- Skipsdesign (Arrangement, stabilitet, linjer etc.)
- 3D-modellering
- Prosjektkoordinering/leiing

Erfaring frå arbeid om bord på skip er ein fordel, då eit av våre største fortrinn er god innsikt i det som skjer på fartøyet. Vi arbeider også internasjonalt, og er difor interessert i fleirspråklege søkjarar. Vi har over 35 års erfaring og vert av mange rekna som det fremste designelskapet innan større kystfiskeflåte. Du vil ha varierte arbeidsoppgåver og samarbeide med erfarne ingeniørar og maskinistar med stor fagleg innsikt. Rette personar vil bli tildelt prosjektansvar eller ta del i sal. Du vil raskt få mykje ansvar og ha tett kontakt med verft og rederi.

Vi tilbyr konkurransedyktige vilkår.

### Bu i Vågsøy

Vågsøy ligg yst i havgapet og har eit svært spennande næringsliv med fleire havnæringsbedrifter, eit stort teknologimiljø og tette band med resten av verda. Området har eit breitt fritidstilbod med aktivitetar som segling, dykking, vakre strender, idrett, fjellturar og meir. Her får du gode oppvekstmiljø for barn og unge og rimelege bustadprisar.

Les meir på <https://www.framtidsfylket.no/artiklar/designar-banebrytande-skip-treng-fleire-tilsette>

For meir informasjon eller spørsmål, kontakt Dagleg Leiar Erlend Hagen på telefon 97159878 eller epost [erlend@naval-consult.no](mailto:erlend@naval-consult.no). **Søk snarast.**